



Rolv Eide AS
Postboks 325
5343 STRAUME

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2502 - 19/15806

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:
11.07.2019

Godkjenning - endringsløyve og igangsettingsløyve for - gbnr 23/66 Tilbygg og fasadeendring industribygg

Administrativt vedtak. Saknr: 157/2019

Tiltakshavar:

Ansvarleg søkjar:

Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

Tiltak

Saka gjeld søknad om endring og igangsetting av fasadeendring i form av tilbygg, inngangsparti, endring av takform, takoverbygg, nye vindaug, ny kledning på industribygg til Frekhaug stål AS på gbnr 23/66. Kommunen har i vedtak DS 299/2018 av 16.11.18 gjeve rammeløyve.

Det vert elles vist til søknad om igangsetting motteken 03.07.19 og søknaden om endring av tiltaket motteke 08.07.19.

Endringa

Endringa går på heving av nytt tak over kontorbygg med 0,6 m og nytt vindaug i kontordel mot nordvest i samsvar med teikningar motteke 08.07.19, revidert 26.06.19. Det er søkt om plassering av nytt tak på kote +20,03 moh. mens tidligare godkjent plassering var på kote +19,43 moh.

Nabovarsel

Dei omsøkte tiltaka er nabovarsla i samsvar med pbl § 23-1. Det er ikkje kome merknadar til søknaden innafør fristen.

Lov- og plangrunnlag:

Tiltaka er søknadspliktig med krav til ansvarsrettar, jf pbl § 20-1 bokstav a,d) jf § 20-3. Den omsøkte eigedomen er avsett til byggeområde for industri i Reguleringsplan for Frekhaug aust, arealplanid 1256 1993 0624. Omsøkt tiltak er i samsvar med arealformålet i reguleringsplanen.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 08.07.19 og frist for sakshandsaming etter forskrift om byggesak (SAK 10) § 7-1, 1. ledd, bokstav b, er 3 veker frå denne dato, jf. SAK 10 § 7-2.

VURDERING

Ansvarsrettar:

Ansvarsrettar og tiltaksklassifisering i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett og gjennomføringsplan, journalført motteke 08.07.19. Ansvarleg i byggjesaker står inne for at tiltaket blir utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lova, jf. pbl § 23-1.

Ansvarleg søker skal samordne dei ansvarleg prosjekterande, utførande og kontrollerande, og sjå til at alle oppgåver er belagt med ansvar, jf. pbl § 23-4 andre ledd.

VEDTAK:

«Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 a,d), jf. § 21-2, 5.ledd vert det gjeve løyve til endring og igangsetting av heile tiltaket for oppføring av fasadeendring i form av tilbygg, inngangsparti, endring av takform, takoverbygg, nye vindauge, ny kledning på følgjande vilkår:

- Rammeløyve av 16.11.18 med vilkår gjeld for tiltaket.
- Nytt tak over kontordelen skal hevast med 0,6 m, slik at ny koteplassing vil vere på mote +20,03 moh.
- Nytt vindauge i kontordel mot nordvest i samsvar med teikningar motteke 08.07.19 vert godkjent
- Plassering og utforming av tilbygget og andre byggetiltak skal vere som vist på vedlagt situasjonsplan og plan- snitt og fasadeteikningar journalført motteke 08.07.19.

Dei opplysningar om byggetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden blir registrert i matrikkelen, jf. Matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket blir innstilt i meir enn to år, jf. pbl § 21-9. Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, med mindre noko anna går fram av vurderinga over eller gjennom tidlegare godkjenning.»

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 18/2502

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggesaksansvarleg

Larissa Dahl
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad endring GBNR 2366
Søknad om endring av gitt tillatelse - GBNR 23/66

Kopi til:

Frekhaug Stål AS	Kråkeneset 5	5918	FREKHAUG
------------------	--------------	------	----------

Mottakarar:

Rolv Eide AS	Postboks 325	5343	STRAUME
--------------	--------------	------	---------